



- LAGSBLAD -

Nr. 3

Mars 1936

19 året

## Litt um fyredrag.

Me hev år um anna mange fyredrag i Bondeungdomslaget. Gode og interessante fyredrag, ofte med ljusbilæte eller film. Men det kan ikkje nektast at ungdomen for tidi er lite oppglødd for fyredrag. Sjølv med dei beste talarar er det vandt å samla ungdomen. Det er skade. Men ein fær taka tidi som ho er. Ein må likevel gå ut frå at ungdomen no som fyrr hev trong og hug etter å læra og vita um ting som ligg utanfor eins daglege yrke. Det kan godt henda at fyredragi må leggjast um noko, at me fær dei på ein annan måte no og då. Og det hev då sume tider falle meg inn at ein burde vida ut fyredragssalen noko, med andre ord, at me samlast på andre stader der det var noko av verd å høyra og sjå. Me hev her i byen mykje verdfullt og lærerikt, som mange av bondeungdomen (og byungdomen med) ikkje kjenner so mykje til som dei burde.

Me hev kunstforeningi, me hev mu-

séet, domkyrkja og andre kulturelle institusjonar. Me hev store verksemder for arbeid og næringsliv. Til desse stader meiner eg at fyredragssalen no og då kunde flytjast.

Lat oss taka eit døme. Ein torsdagskveld bed me um løyve til å samlast i *kunstmuséet*. Ein av dei store kunstnarane våre stiller ut. So fær me ein kunnig mann til å tala um denne kunst og samstundes syna oss um og gjeva rettleiding. Kanskje vilde det vera vel so lærerikt um ein fyrst vigde ein kveld til det faste galleri, der kunsti syner avspeglingar gjennom eit lengre tidsrum.

Og på same måten med *muséet*. Her finn me tusenårs folkeliv og natur framstelt på ein framifrå greid og lærerik måte. Tek me til dømes den kulturhistoriske deildi, so er eg viss um at direktøren eller vedkomande konservator med gleda vilde ofra ein kveld til å gjeva laget eit oversyn og greida ut um dei ymse ting. Det same gjeld oldsaksamlingi eller den naturhistoriske deildi.

Og soleis vidare. Slike tilskipingar vilde visseleg vera til vinning for and og hand og stetta kunnskapstrongen hjå den vakne og intelligente ungdom. Det er sjølvstykkt ikkje mi meining at me no skal gå heilt over til dette istadenfor fyredrag i lagssalen. Det måtte berre vera ein og annan gong etter ein nærare fastsett plan.

*Lagsmann.*

## Leikskeidet

vart avslutta fyrrre sundagen. Det varde ei vika vel, og kring 100 gjentor og gutar nytta høvet til å få opplæring i norsk folkeviseleik og -dans.

Frk. *Klara Semb* styrde med skeidet, og me kjenner oss visse på at dei som var med har havt både hugnad og stor gagn av desse kveldane i B.ul. Det skal nok syna seg på leikemøta utetter at skeidet har havt ei oppgåva.

Me bad frk. *Semb* segja nokre ord um leiken i det heile her i landet no. — Det er ikkje tvil um at interessa for songdansen og folkeviseleiken er vek-sande, og at hugen til nasjonaldansen stendig aukar, meiner frk. *Semb*. Det er fyrst og fremst på Vestlandet og Sørlandet leiken har djupaste røter og går best. Men dei kjem godt etter austyver og.

Me skyt inn den tanken sume er inne på: At alt dette nye av tekst og tonar i folkeviseleiken ikkje er av det gode berre. At har ein lært å leika ein gong, so kan ein det.

«Dette synet er heilt rangt», segjer frk. *Semb*. «*Kjernen i folkevisedansen er den personlege oppleving av ånda i tekst og tone eller av stemninga i diktet. På det gamle — t. d. Pål sine hønor — vert det inga oppleving! Det vert fotatrakk, som færøyningane segjer. På Færøyane likar dei lite å dansa same visa meir enn ein gong um året! Di betre ei visa er di sjeldnare skal ho dansast. Ein skal ikkje vanhelga det gode.*» Frk. *Semb* peikar elles på kor stort verd det har for ungdomen å læra nye songar av Garborg, Sivle o. s. b. Og det er underleg kor trongen etter nye visor og dansar aukar for kvart år på dei stadene der folkevisedansen verkeleg går godt.

Frk. *Semb* legg ned eit stort arbeid med å leita fram gamle visor, skjemtestubbar og episke visor kring heile landet. Me er henne stor takk skuldig alle for dette strevet hennar.

«Kva meiner De um runddans kontra leik», spør me. «Eg har ingen ting mot den gamle runddansen. På hovudfestane åt eit lag som B.ul. kan ein godt ha litt runddans inn i millom. Men han må sjølvstykkt ikkje få lov å trengja burt leiken.»

«Men gløym ikkje å skriva at golvet i salen her er det klenast i heile landet. De må endeleg få nytt golv! Og då eit med *svikt* i. Berre på eit sovore golv kan det koma den rette fart i leiken,» sluttar frk. *Semb*.

## Gilde kveldar

med mykje godt program har det vore i månaden som gjekk. På eit møte fortalde 4 lagsfolk um arbeidet sitt. Og det var bå' gildt og lærerikt. Me må få meir av det slaget!

Rektor Olden har greidt ut um «Fredsrørsla kan vera upolitisk». Eit forvitneleg fyredrag um dei vegane som fører til krig.

*Blix-kvelden*, 20 februar, baud likeins på godt program: Fyredrag um mannen Elias Blix av *Klaus Sletten*, song av dr. Ihle og til slutt ljusbilete frå Nordland av sekretær Olav Bryn.

Det kom inn kring kr. 50,00, som går til minnesteinen yver salmedikta- ren Blix.

*Bok-bollefesten*, søndag 23 februar, vart ein stor kveld! Fele- og piano- musikk av *Grønlund* og fru *Eriksen*. Tale for kvelden av red. *Chr. Oftedal*. So las fru *Rusten Grude* upp nynorsk lyrikk og etter på vart det kaffi og bolla i lange banar. — I matykta fekk me song av kvartetten «Njørd». Seinare gjekk leiken lett yver tilje. Det var lett å sjå at den mangmente lyden lika seg godt. Mykje folk hadde møtt fram, og innkoma vart ikkje lite større enn i fjor.

Og so var det endeleg

## Skotårsfesten.

Heile B.ul. og halve byen hadde venta i svær spaning på denne festen. — Det er no berre fjorde-kvart år kvinna slepp seg laus for ålvor. Og etter alt å døma hadde ein grunn til å vona det *sværaste* denne gongen. Med den lange fyrebuingstida og den framifrå festnemnda laut ein sakte ha lov til å krevja litt og. — —

Og vonene vart ikkje svikne. Stort set.

Under full musikk gjekk den svære festlyden — kring 200 mann — til bords. Forkvinna i festnemnda, frk. Guri Ånestad, hadde sessa seg i høg- sætet. Og frå dette stadet ynskte ho alle — særleg oss *karfolk* — so hjarteleg velkomne til kjøtgrytone og dei fale hjarto. Det var nok av alt, meinte ho.

Frk. Vik las upp ein gild prolog. Etterpå tolka ho Guri i ofselege orde- lag dei kjenslone som fekk kvinna til å gjera seg til for mannen. Ho lykta med eit leve! alt som gjekk i buksor. — Dermed var stemninga komen upp.

Saltretten smaka noko reint fram- ifrå. Det same gjorde «Hillevågsvat- net». (Desserten fekk me fyrst ut på natta eit stykke. Den kunde vore li- kare etter bladst. si meining. — — — Men han gleid då ned. —)

Og ordet vart fritt. — — —

Anten det var dei trolske augne- kasta frå vene vækjør eller noko anna skal vera usagt: Form. i laget yvergjekk reint seg sjølv. Han synte seg rett og slett frå ei ny sida. Med sudlandsk glo fortalde han um dei då- rande sygjentone i Paris. Det minste han slapp frå der nede var å kyssa ti um gongen. Jamt yver var kvinna god å ha, og kunde mykje og, sa han. Men i *ein* ting hadde ho synt seg som ein krakk i kveld. Det var å ropa hurra for oss mannfolka. *Karar*, ropa form. Lat oss syna kvinna kven det er som verkeleg *kan* noko her i livet! — Og det vart eit leve som det truleg aldri har vore maken til i B.ul. — — —

*Gunnar Løvik* tala for kjærleiken. Han vona at rett mange vilde finna kvarandre denne kvelden.

Det skifte med leik og dans utetter kvelden og dei små timane. Ein ein-

aktar, skriven for høvet, vart framsynt og fekk mykje fagning. Det var hipp til nokon kvar. Men av det godlyndte slaget.

Denne «sketchen» skulde venteleg vera som eit surrogat for Bondeguten. Men det vil me ha sagt: Det var ei fallitt-fråsegn for festnemnda at Bondeguten ikkje vart innbeden til skotårsfesten. Kven skulde vel vore nær-  
mare til?

Det må snart verta slutt på denne likesæla andsynes det handskrivne bladet vårt på festane i B.ul.

Elles kom gjentone våre *sers* godt ifrå festen. Humøret var på toppen heile tida, og ein gjekk heim med ei kjensla av å ha vore på ein av dei gildaste festane i lagssoga.

Næste gong må skotårsfesten verta berre for lagsfolk. Desse *kjenningane* blir heller problematiske etter kvart. I alle høve må ikkje-lagsfolk kunna betala dobbelt for å koma inn.

## Spellaget

øver på eit rasanda morosamt spelstykke som heiter «*Fant og Folk*» av J o s t e i n N å d l a n d.

Det er ei hendig blanding av elsk, fant og giftehuga gamlingar. Ei ovfager tatergjenta får ein med på kjøpet. — — — Stutt sagt: Noko for kvar smak.

Dei har tenkt få stykket fram i slutten av denne eller i fyrstninga av næste månad.

Lagsfolk! Møt fram når stykket vert spela. Få andre med Dykk. De vil visseleg ikkje trega på det. Spellaget legg ned eit stort arbeid på kvart spelstykke. Det minste me kan gjera me andre er å syna at me set pris på dette strevet.

## Saklista for mars:

Torsdag 5 mars: Fyredrag av Dr. Axel Sømme: Verdenspolitikken i ljusbilete.

Sundag 8 mars: Spelkveld.

Torsdag 12 mars: Ordskite: Leiken i laget, innleida ved Magnus Våge.

Torsdag 19 mars: Leikemøte. Bondeguten. Upplesing.

Torsdag 26 mars: Fyredrag. Musikk av Eyvinn Thu.

## Boksamlingi til B.ul.:

Bokutlån kvar måndag frå kl. 7—8½.

---

Utgeve av Bondeungdomslaget, Stavanger. Bladstyrar Johs. Hatteland.

---

Aktietrykkeriet i Stavanger 1936.



**S O M A**  
ved Filmteatret

*Forlovelsesringer*

Billigste priser!  
Største utvalg!

*Frukt*  
*Tobakk*  
*Cigarar*

Alltid gode varor

**OLAV HAMRE**

Telefon 3440

Nytorget 5

**Kåpe- og Kjolesøm**  
utføres

**Nelly Husebø**

Telefon 4232

Økonoms gård  
Klubgaten 4

*Kjøp bøker*

hos



**Opsanger**

**Stendig fram.**

Slik har det gått med Andvake. Målfolket i Rogaland kan trygt vera med. Bonus utskift sidan 1928. Umbodsmenn i Stavanger: Magnus Våge, Gunhild Bjerkreim, Øystein Eskeland, L. Torgersen, Lars Bjørheim.

Det vilde venteleg vera tenleg å tala med ein av dei um trygding.

**Matstova**

Øvre Holmegt. 20

*Middag frå kl. 12-16*

**Kaffistova**

Østervåg 25

*Middag frå kl. 12-16*

**Kaffistova**

Torget 6

**Mostun**

ved Mosvatnet

**Bondeungdomslaget.**



*Byens største utvalg i Musikkinstrumenter  
Radioapparater i godt utvalg  
Avbetaling innrømmes*

**H. T. RUUD A.S., Kirkegt. 40**

## Stavanger Colonialforretning

har byens beste  
*brendte kaffe*

## VAALAND DAMPBAKERI

(G. Sønneland)

Musegaten 46 — Telefon 1810f

Utsalg:

Skolegaten 17 — Telefon 3520

## A. Mauland A/s

Klostergården - Telef. 2645

*Elektrisk Forretning  
Radioapparater*

## **KILOWATT**

Engelsmindegaten 15 - Telefon 3119  
*Lars Bø*

E l e k t r i s k  
installasjonsforretning

## **A. IDSØE**

Telefon . . 102 - 458  
Rikstelefon 3020 - 3089  
Etablert 1828

*Kjøtt- og Pøseforretning*

## Belysningskunst



**Spør** etter teikningar  
og yverslag.

**A. Edvardsen Selvik**  
Cicelør - Verkstad Herlandsgt. 45

## ==== **BRYNE** ====


### JONAS JØRSTADS BOKHANDEL

FOTOGRAFISK FORRETNING

STORT BOKLAGER  
Nynorsk - Bokmål

Kodak fotoapparat  
Kodak film

Framkalling, kopiering



„SVITHUN“ er den beste sykkel  
Avbetaling innrømmes

**MASKINHUSET A.S**  
Bredgaten 9 STAVANGER

Største utvalg i  
Spaser-, Sports-  
og Arbeids . . .

**Skotøi**

Dame, herre og barn i alle prislager.

Landets beste fabriker  
Yderst lave priser  
Best - billigst.  
En detail - en gros

**O. THORSNÆS**

KIRKEGATEN 42 STAVANGER  
TELEFON 3690

**J. ØSTEBØ**

**STAVANGER**

Verksgt. 2 - Telefon 1873

Parafin hengelampor  
Elektriske ljosekronor  
Steinty - Postelin - Glasvaror

En gros - En detail

Ingi gáva

prydet

som blommar frå

Blomsterhallen

ALT I

**HEILNORSK GARN**

Rogalandsgarn Norgesgarn  
Tvinggarn Plantef. garn  
Glitregarn Slumregarn  
Gretegarn



BREDGATA 16

**Ingeleiv Eikeland**

**Syforretning**

Kyrkjegt. 18 - Telefon 3594

Kjole- og kåpesaum

Godt arbeid!  
Rimelege prisar og  
alt i nyaste snitt.

**Godt drikka!**

Løna med fleire medaljor



Hjå meg kann De få kjøpa  
Brus • Selters • Bocco • Söt og  
sur saft • Eplesaft • Vyrterøl

**GUNNAR LØVIK**

Kongsgata 36 - Telefonar 727k, 228



**Garantien for  
god margarin!**



**A/S MARGARINCENTRALEN**